



NY DAM: Frå brua ved Syneshaugen fremst i Vigdalen ser ein fram til området der Statkraft har planlagt å byggja ei ny dam. Skitmyrtjødni heiter det der dammen kjem. – Dammen ligg i eit grenda, samstundes innfallsporten til eit populært turområde vert svekt, seier frå v.: Willy Vigdal, Svein Jarle Vigdal, Lars Vigdal, Karin Bakke, Sigrun Vigdal og William Vigdal.

område der det om vinteren går til dels store snoras, og det uroar oss i

– Ikkje ta siste rest av elva vår

■ ■ Vigdøla kan verta turlagd ■ ■ Nasjonalfuglen forsvinn ■ ■ Rennande elv viktig for turisme

VIGDALEN: Vigdøler mønstrar til kamp mot ei ny kraftutbygging av elva deira.

– Eg hadde aldri trudd Statkraft skulle koma med ny søknad for å byggja ut att Vigdøla, seier Sigrun Vigdal. Ho er ei av mange i Vigdalen grendalag som seier klart nei til

Dette er saka:

- Statkraft har søkt konsesjon for å byggja ut Vigdøla i Luster kommune i Sogn og Fjordane. Vigdøla kraftverk er eit prosjekt på austsida av Jostedal, der kraftstasjonen er tenkt plassert om lag 1200 meter inne i fjellet, like ved eksisterande Jostedal kraftstasjon.
- Det nye kraftverket nyttar eit fall på om lag 600 meter frå inntaket oppe i Vigdalen, like ved bilvegen. Denne løysinga gjer det mogeleg å nytta eksisterande tilløpstunnel inn til Jostedal kraftstasjon, avløpstunnelen til Gaupnefjorden og kraftleidningsnettlet ut frå Jostedal kraftstasjon.

kraftutbygginga. Vigdølene hadde ikkje rekna med at Statkraft skulle koma trekkjande med nye planar for elva deira, ei elv som var vart bygd ut i 1984, og har vore verna fram til 2007.

«Gamle» politikarar

– Vigdøla ligg i eit dalføre inntil eit naturarvrområde som er freda. Det vesle som er att av vatn i elva betyr mykje, seier Karin Bakke, leiar i Vigdalen grendalag. Nedre del av elva er mykje brukt av vigdøler til å fiska og bada. Styret arbeider no under høgtrykk med fråsegna til konsesjons-søknaden. Fristen er utsett til 15. oktober. Grendelaget ventar mellom anna på rapportar frå faginstansar ved universiteta i Oslo og Bergen, som byggjer opp under at avslag på konsesjonssøknaden.

Den vesle grenda meiner dalen alt er hardt råka av utbygginga i 1984. Ei ny kraftutbygging tek nesten alt

restvatnet i den kjære elva deira.

Luster kommunestyre, det gamle, får saka på møtet 22. september.

Dårlege røynsler

– I turre periodar kan me gå over elva. Det kunne me ikkje før, seier Svein Jarle Vigdal.

Frå stovevindauga har familien Vigdal/Bakke fri sikt bort på den tilsådde tippet etter førre utbygginga. Bruset frå Vigdøla er òg monaleg mindre etter den førre utbygginga.

– Heilt ufatteleg er det om politikarane seier ja til ei ny utbygging. Håvardfossen vert det ikkje mykje att etter endå ei utbygging. Ein del av oppleving er å sjå elv og foss. Elva fungerer i dag som gjerde for husdyra. Ei ny kraftutbygging vil setja effektivt stog for det, seier Willy Vigdal.

Turlagd

– Eitt av konsesjonsvilkåra

under utbygginga på 80-talet vart at restvassføringa skulle vera 40 prosent, og elva skulle fredast frå vidare utbygging. Slik vart det. Seier lustrapolitikarane ja til ny kraftutbygging, vert elva vår nærast turlagd, seier Svein Jarle.

Grendalaget er ikkje åleine om å vera mot ei ny kraftutbygging. På Vigdalsdilten i 2009 hadde Sigrun Vigdal ein underskriftsaksjon mot utbygginga.

– Nesten alle skreiv under.

Nasjonalfuglen

– Fossekallen er kåra til Noreg sin nasjonalfugl hekkar i elva. Opnar politikarane for ei ny kraftutbygging, vert vassføringa om vinteren for lita til at nasjonalfuglen kan overleva.

– Statkraft stadfestar dette i rapporten sin. Forkasteleg, seier grendelagsleiaren. Ikkje berre fossekallen forsvinn. Under utbygginga kan òg ein orreleikplass forsvinna.

– Mange eldre folk bur her oppe, men me ynskjer ungdomen kjem tilbake. Skal fleire yngre bu her, må dei ha arbeid, og turisme vera viktig næringsveg. Natur vert viktigare og viktigare. Turistar ser verdien av rennande elvar. Vert Vigdøla tilnærma turlagd, vil ho ikkje lenger vera ein turistattraksjon, og grunnlag for turisme forsvinn som dogg for sola, seier Bakke.

Populært turområde

– Ingen har fått byggja nye hytter dei siste åra. Det populære turområdet er bandlagd mot nye hytter. Me ser andre stader at hytter gjev nye arbeidsplassar som til dømes vaktmeistertenester etc. Dersom me får ei ny kraftutbygging, vert inngangsporten til det ettertrakta turområdet svekt, seier Willy.

– Kva med minstevassføring?
– Statkraft seier det skal vera ei minstevassføring om sommaren. Alt i dag er det lite



TURR ELV: – Ikkje berre Vigdøla vert nesten turlagd. Hompedøla på den andre sida av dalen vert òg borte. Ho er ei av dei sju vestsideelvene som Statkraft har søkt om konsesjon for, seier Karin Bakke.

vatn i elva utover hausten. Ei ny utbygging av Vigdøla og elvane på vestsida av Jostedal får innverknad på temperaturen i Jostedøla, og med dei følgjer det får for fiske, seier Svein Jarle.

– Me fiskar finfin aure,

seier fiskeivrige William Vigdal. Han viser til rapportar som byggjer opp under dette.

Sigrud Svartefoss
sigrud.svartefoss@sognavis.no